

Særutskrift for Naustdal sokneråd

Tid: 24. oktober 2012

Naustdal sokneråd har i møte den 24. oktober 2012 handsama følgjande sak:

73/2012 Forskrift til Lov om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd. (Gravferdsloven)

VEDTAK

Naustdal sokneråd har følgjande merknader til endringar i forskrift til lov om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd (gravferdslova).

Endring av ordlyden i forskrifta frå kyrkjegard til gravplass.

Det er naturleg at der det ikkje er kyrkje i tilknytning til gravstaden vert nemninga endra til gravplass. Der gravstaden ligg ved ei kyrkje er det naturleg å kalle det for kyrkjegard.

Endring av krav til jordoverdekking frå 1m til 0,8m.

Naustdal sokneråd føreset at det er teke helsefaglege omsyn ved ein slik reduksjon.

Naustdal sokneråd meiner at kravet om kiste ved gravlegging skal oppretthaldast. Skal kravet fråvikast, bør det ikkje ligge til lokal gravferdsmyndigheit å ta ei slik avgjerd. Det må og i tilfelle vere ein føresetnad at dei etterlatne sjølv fyller igjen grava.

Naustdal sokneråd meiner at tal på virkedagar må vere likt for alle. Laurdag bør reknast med som vyrkedag for ikkje å få for lang tid mellom dødsfall og gravlegging.

Naustdal sokneråd har ingen andre merknader til endringar i forskrifta.

Naustdal sokneråd
